



Osterøy kommune
Postboks 1
5293 LONEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Per Sindre Thoresen Aaland, 5764 3109

Opning av tilsyn som gjeld sakkunnig vurdering - Osterøy kommune

Statsforvaltaren opnar tilsyn med Osterøy kommune. Vi har som oppgåve å påsjå regeletterleving, og fører derfor tilsyn med kommunen jf. barnehagelova § 54 og opplæringslova § 14-1 første ledd. Når vi gjennomfører tilsynet har vi rett til innsyn i dokumentasjon, jf. kommunelova § kommunelova § 30-3.

Tilsynet går ut på å kontrollere om Osterøy kommune følgjer regelverket i opplæringslova og barnehagelova med forskrifter. For å kontrollere dette undersøker vi pedagogisk psykologisk teneste (PPT) sin praksis ved utarbeiding av sakkunnige vurderingar for barn under opplæringspliktig alder, og elevar i skulen.

Risikovurderingar er utgangspunktet for tilsyna Statsforvaltaren gjennomfører. Spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning er eit område der konsekvensane for barn og elevane er særleg store ved brot på regelverket. Vår erfaring frå klagesakshandsaming og tilsynsverksemd tilseier at sakkunnig vurdering i tråd med regelverket er avgjerande for at utsette born og elevar skal få den hjelpa dei har behov for. Dette samanstilt med at vi som klageinstans har registrert at det kan vera risiko på dette område i Osterøy kommune, gjer at Osterøy er valt som tilsynsobjekt på dette temaet.

Tema for tilsynet

Temaet for tilsynet er å utarbeide sakkunnig vurdering. Under dette temaet kontrollerer vi om PPT oppfyller krava i regelverket når det gjeld å utarbeide sakkunnig vurdering for

1. barn under opplæringspliktig alder som har behov for spesialpedagogisk hjelp
2. elevar i skulen sine særskilte behov

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet vert i utgangspunktet gjennomført som eit dokumenttilsyn. Dersom det er behov for intervju for å få nok informasjon om praksisen i kommunen, vil vi kome tilbake til dykk for nærmare avtale om dette. Tilsynet går føre seg på følgjande måte:



- PPT svarar på eigenvurdering i RefLex, sjå rettleiing i eige vedlegget.
- De sender inn sakkunnige vurderingar og anna dokumentasjon vi har etterspurt i lista nedanfor. Send inn via «sikker melding» på Statsforvaltaren sine nettsider¹, eller på annan måte som tek omsyn til barna og elevane sitt personvern.
- Vi kontrollerer dokumentasjonen.
- Vi hentar i tillegg informasjon frå våre eigne system, offentlege register og informasjon på nettstaden til kommunen.
- Vi vurderer informasjonen om kommunen sin praksis opp mot regelverket, og utarbeider ein rapport der våre vurderingar og konklusjonar kjem fram.
- Dersom vi finn brot på regelverket, vil de få høve til å uttale dykk før vi gjer eit vedtak.
- Det vil gå fram av rapporten kva pålegg vi gjev og fristen for å gjennomføre pålegga.
- Vi publiserer den endelege rapporten i nasjonal tilsynskalendar.
- De får eit eige brev når vi avsluttar tilsynet.

Reglar for framgangsmåten vi har skildra ovanfor finn de her:

- Innhenting av dokumentasjon er regulert i barnehagelova § 54, opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-3.
- Dykkar rett til førehandsvarsel og til å uttale dykk i saka følgjer av forvaltningslova § 16.
- Våre tilsynsrapportar er offentlege, jf. offentleglova § 3.

I tilsynet handsamar vi personopplysingar. Les meir om vår behandling av personopplysingar på [udir.no](https://www.udir.no)².

De må sende inn dokumentasjon

De har plikt til å sende inn dokumentasjon, jf. § 54 barnehagelova, opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-3 . Vi ber dykk om å sende inn følgjande:

1. To eigenvurderingar med utfyllande kommentarar – PPT sin leiar og ein sakshandsamar fyller ut desse. Leiar legg òg ved understøttande dokumentasjon (sjå vedlegg for rettleiing).
2. Eventuelle rutineskilddingar og statistikk som viser sakshandsamingstid hjå PPT.
3. Dei siste ti sakkunnige vurderingane
 - Fem sakkunnige vurderingar for barn under opplæringspliktig alder
 - Fem sakkunnige vurderingar for elevar i skulen
4. Tilvisingar til PPT for desse ti barna/elevane
5. Dokumentasjon som ligg til grunn for utarbeidinga av dei sakkunnige vurderingane, til dømes notat frå samtalar med elev og foreldre.

Frist for å sende inn dokumentasjonen er 8. mai 2023.

Kontaktperson

Vi ynskjer at kommunen oppnemner ein kontaktperson som vi kan ha dialog med undervegs i tilsynet. Gje oss ei tilbakemelding på kommunen sin kontaktpersonen med kontaktopplysingar innan 2. mai 2023 til tilsynsleiar: per.aaland@statsforvalteren.no

¹ <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/om-oss/skjulte-sider/send-sikker-melding/>

² <https://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/>

**Førebels tidsplan for gjennomføring av tilsynet**

14.04.2023	Opning av tilsyn med brev til kommunen frå Statsforvaltaren
02.05.2023	Kommunen gir Statsforvaltaren tilbakemelding om kontaktperson
	Formøte på Teams dersom kommunen ynskjer det
08.05.2023	Frist for innsending av dokumentasjon
Juni	Utsending av førebels tilsynsrapport
Innan ei veke etter utsending av førebels rapport	Kommunen gir beskjed om de ynskjer slutt møte
Innan to veker etter utsending av førebels rapport	Slutt møte på Teams
Innan tre veker etter utsending av førebels rapport	Frist til å gi tilbakemelding på førebels tilsynsrapport
Juli	Utsending av endeleg tilsynsrapport

Tidsplanen er rettleiande. Dersom vi til dømes kjem til at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst etter gjennomgang av innsendt dokumentasjon, eller det skulle oppstå uforutsette hendingar undervegs i tilsynet, kan dette føre til at vi må endre tidsplanen. Vi vil underretta dykk dersom det blir aktuelt.

De har rett til å klage

De kan klage på pålegget om å sende inn dokumentasjon, jf. forvaltningslova § 14. Dersom de klagar, må de gjere det innan tre dagar. Fristen gjeld frå beskjed om brevet har komme fram til dykk. De sender klagen til oss. Vi har høve til å gjere om avgjerda vår. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

Dersom vi vurderer at det er «påtrengjande naudsynt» å få dokumentasjonen raskt for å gjennomføre oppgåvene våre, kan vi krevje at de gir oss dokumentasjonen før ei eventuell klage er avgjort, jf. forvaltningslova § 14 femte punktum.

Ta kontakt med tilsynsleiar, per.aaland@statsforvalteren.no, dersom de har spørsmål om tilsynet

Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Per Sindre Thoresen Aaland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1 Rettleiing til eigenvurderinga i RefLex